

For Sesskraft AS
Sætre,
6392 Vikebuktt

Dato: 28.02.2014

NVE
Konsesjonsavdelingen
Middelthunsgate 29,
Postboks 5091 Majorstua,

0301 Oslo

Sesselva kraftverk. Kommentar til uttale til justerte planar.

Vi viser til e-post datert 03.02.2014 vedlagt høringsuttalar til justerte planar for Sesselva kraftverk. Vi har fylgjande kommentarar høringsuttalane:

1. For Istad Nett AS, Vestnes kommune og Forum for Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal har vi ingen kommentar ut over det som er meldt tilbake ved førre høringsrunde.
2. Grunneigarane på Sætre/Daugstad meiner elvane ikkje bør byggjast ut. Mellom anna vert det vist til «mange av bygdefolket» er av same oppfatning. Vi vil påpeike at det også er mange lokalt som er positive til ei utbygging utan at dette er synleggjort gjennom høringsrunden. Det vert frå grunneigarane vist til at eksisterande tilkomstveg til Sesselva ikkje har god nok standard for anleggstrafikk. Frå søkjar si side er ein kjend med vegstandarden, og det vil vere viktig å unngå køyring i teleløysinga og elles stille krav om redusert akseltrykk for anleggsføretey. Vi vurderer ikkje denne saka som viktig for konsesjonsspørsmålet.
3. Møre og Romsdal fylkeskommune stiller krav om arkeologiske registreringar før ei eventuell detaljplanlegging, heimla i kulturminnelova §9. Vi tek dette til etterretning og er kjend med at utbygger må dekke kostnadane med slike registreringar.
4. Fylkesmannen i Møre og Romsdal opprettheld i sin uttale motsegna mot bygging av kraftverket. Det vert stadfesta at dei justerte planane reduserer konflikta med bekkeløfta i Sesselva og rikmyra som tidlegare var vektlagt. Påverknad av vassføringa i Liafossen og fossen sin verdi som landskapselement vert vidare peikt på som grunngeving for motsegna. I tidlegare tilbakemelding har vi forslått å auke minstevassføringa i Liafossen til 2 x 5-persentil sesongvassføring – om sommaren 270 l/s. Fotodokumentasjon viser at ei slik vassføring gjer fossen godt synleg i landskapet, også sett frå større avstandar. Fossen vil sjølvsagt også få tilført meir vatn i periodar med overløp, først og fremst i smeltesesongen. Med foreslått minstevassføring meiner

vi Liafossen sin verdi som landskapselement langt på veg er ivareteken. Vi kan ikkje sjå at Fylkesmannen har gjort noko grundig vurdering av dette avbøtande tiltaket.

Med helsing
Bystøl AS

Agnar Fosse

Kopi:
Sesskraft AS v/Geir Sætre.